




Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ



Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Helge Holm-Marøy / 57655918	16/47554-4	16/1818 -	01.12.2016
			16/14898	

Søknad om forskottering – Planlegging og prosjektering av opprusta E39 gjennom Knarvik sentrum i Lindås kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse og sender underteikna avtale. Eit eksemplar av avtala er hos kvar av partane.

Styring og Strategistab
Med helsing

Tone Margrethe Oppdedal

Holm-Marøy Helge

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Faktaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

AVTALE
mellom
Lindås kommune
og
STATENS VEGVESEN

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen er utarbeidd på grunnlag av vedtak i Lindås kommunestyre 17.12.2015 i sak135/15 side 35. Midlar som i budsjettet er sett av til forskottering av planlegging og prosjektering for E39 går fram av i Lindås kommune sin økonomiplan 2016–2017 side 31 og side 35. På posten Utvikling Knarvik er det ført opp 25 mill. kroner i budsjettet for perioden 2016–2019. Midlane er fordelt med 10 mill. kroner i 2016 og 5 mill. kr i kvart av åra fram til 2019. Viser også til søknad om forskottering fra Lindås kommune i brev av 03.06.2016 og referat(mottatt 31.08.2016) fra møte 30.06.2016 mellom Lindås kommune, Lindås kommune sin konsulent (WSP Norge AS) og Statens vegvesen.

2. Føremålet med avtalen

Lindås kommune har vedtatt ein større plan for revitalisering og byutvikling av Knarvik. I denne planen er det strenge restriksjonar knytt til omfanget av utbygginga før mellom anna viktige tiltak på E39, som inngår i Nordhordlandspakken, er på plass, mellom anna ny oval rundkøyring. Før pakken blir vedtatt i Stortinget manglar det midlar til å kome igang med både planlegging og gjennomføring av tiltaka. For å sikre tilfredsstillande framdrift med dette arbeidet, slik at utvikling i Knarvik sentrum ikkje stoggar opp, har kommunen sagt seg villig til å forskottere midlar til planlegging og prosjektering av tiltak på E39 gjennom Knarvik sentrum. Dette vil omfatta detaljreguleringsarbeid for å sikra moglegheter for grunnerverv og detaljprosjektering som grunnlag for å lysa ut ei eller fleire utføringsentreprisar for prosjektet.

Søknaden frå kommunen var utforma på grunnlag av dei planar som låg til grunn for Knarvik sentrum som var skildra i Nordhordlandspakken.

Det pågår no eit arbeid med ny kommunedelplan for ny E39 mellom Flatøy og Meland kommune og Eikefettunnelen i Lindås kommune. I silingsrapporten for dette arbeidet vert det foreslått at ny E39 skal gå utanom Knarvik sentrum. På bakgrunn av dette arbeidet og komande planprogram for ny kommunedelplan for ny E39 Flatøy–Eikefettunnelen, kan det bli aktuelt å vurdere heile trafikksystemet i Knarvik sentrum på nytt. I avklaringsmøte mellom Statens vegvesen, Lindås kommune og konsulenten til Lindås kommune (WSP Norge AS) i møte den 30.06.2016, var det semje om å reduserer og avgrense området det vil vere behov for å utarbeide planar for.

3. Bruk av forskoterte midlar til planlegging

Planleggingsmidlane som kommunen skal stille til disposisjon gjennom forskottering skal dekke prosjektering av den ovale rundkøyringa, hovudvegen vidare austover, og kopling til kommunale vegar, samt forprosjektet for brukonstruksjonar, trafikkanalyse og utarbeiding av detaljert reguleringsplan.

Partane var samde om at detaljreguleringsplan skal omfatte alle dei areal som er omfatta av både kommunalt finansierte tiltak og tiltak som skal finansierast gjennom Nordhordlandspakken, med naudsynte tilstøytande område for rigg og anleggsområde. Detaljreguleringsplanen skal i sin heilskap finansierast gjennom Nordhordlandspakken.

Prosjekteringsarbeidet skal splittast opp i samsvar med dei naturlege grensesnitta mellom kommunale tiltak og tiltak som skal finansierast av Nordhordlandspakken. Det betyr at prosjektering av oval rundkøring med heile vegsystemet mot nordaust, samt den nye tilførselsvegen frå nord, og tilpassing til Kvassnesvegen i sør, blir ført som eit separat delprosjekt med eigen faktura (skal dekkast av forskoterte midlar). Andre tiltak (prosjektering av nytt OV-anlegg, omlegging av Kvassnesvegen, samt den øvste delen av tilførselsvegen i nord saman med inntakskonstruksjonen for OV-anlegget) blir ført som eit separat delprosjekt med eigen faktura (blir finansiert i sin heilheit av Lindås kommune).

4. Byggherre

Statens vegvesen er byggherre for Nordhordlandspakken.

5. Ansvaret for å utarbeide planar

Statens vegvesen er ansvarleg for å utarbeide nødvendige planar for å kunne bygge ut dei prosjekt som inngår i Nordhordlandspakken, medrekna prosjekt på E39 gjennom Knarvik.

Lindås kommune er tillagt ansvaret for å utarbeide detaljprosjektering av den ovale rundkøringa.

Statens vegvesen vil følgje dette arbeidet tett opp allereie frå utkast til konsulentoppdrag.

6. Kostnadsauke/kostnadsreduksjon

Statens vegvesen som byggherre er ansvarleg for å følgje opp kostnadane ved utarbeiding av planar.

Lindås kommune garanterer for forskot til alle eventuelle kostnadsaukar i samband med planlegginga.


Ved eventuell kostnadsreduksjon skal forskoteringsbeløpet reduserast tilsvarende.

4. Refusjon av forskoterte midlar


Forskoterte midlar skal refunderast med bompengar frå Nordhordlandspakken. Dersom Stortinget ikkje vedtar Nordhordlandspakken, vil forskoterte midlar bli refundert med statlege midlar når E39 gjennom Knarvik sentrum blir tatt opp til løvning.

Refusjon av forskotert beløp vil skje utan kompensasjon for renter og prisstiging.

Leikanger, den 01.12.2016


Helge Eidsnes

Statens vegvesen Region vest


Ole Bernt
Knarvik 2016-a-16

Lindås kommune